



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

MØTEBOK

Møtedato: 23.05.2013

Møtetid: Kl. 15:00 – 17:30

Møtested: Kommunehuset, 3 etg.

Saksnr.: 020/13 - 027/13

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal, TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård, FRP: Marit Swensen, H: Eva Janne T. Årvik,

Følgjande medlemmer møtte ikkje

FRP: Svein Hansen og TP: Stine Aase Myhre

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Andreas Rundereim

Følgjande frå administrasjonen møtte

Gry Leikanger i sak 25, Kristian Nave i sak 26/13I

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Barnehagane i Selje – orientering og tilstandsrapportering.

Til stade: Karen Helene Håland, Svein Barmen, Berit Olin Wåge ,

Evy Hagen og Kommunalsjef Bård Fløde.

Forslag om ekstrasak:

INTERKOMMUNALE HELSE OG OMSORGSTENESTER VED Nordfjord sjukehus.

Godkjenning av vertskommuneavtale vert sak 027/13

Innspel frå Marit Swensen.

Ber om status vedk. skadene på Seljesanden etter Dagmar.

Oppmodar om at driftsutvalet gjennomfører synfaring/besøk på alle tenesteeiningar.

FØLGJANDE SAKER VART HANDSAMA

Sak nr.	Sakstittel
020/13	Godkjenning av møtebok
021/13	Delegasjonssaker
022/13	Referatsaker
023/13	Barnehagane i Selje kommune - Tilstandsrapportering 2013
024/13	Standardheving kommunale vegar 2013
025/13	SMIL 2013 - Handsaming av søknader
026/13	Gbnr 51/1 og 51/8 - Odelsfrigjering - Sverre Leikanger - tilråding frå Selje kommune
027/13	Interkommunale helse- og omsorgstenester ved Nordfjord Sjukehus. Godkjenning av vertskommuneavtale

Tilleggsaker:

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	020/13
Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/367

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 14.03.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013

KU-020/13 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin..

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	021/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/365
--------------------------------------	---------------	----------------------

Delegasjonssaker

- DKU. 004/13: Gbnr 72/30 - Byggsak - Tilbygg - Siv Irene og Arild Hoddevik
- DKU. 019/13: Gbnr. 16/14 - Byggsak - Garasje - Terje Otneim
- DKU. 021/13: Gbnr. 70/22 - Byggsak - Garasje - Jan Olav Langenes
- DKU. 025/13: Gbnr 80/4 - Avkøyrse/disp. veglova - Naust - Andreas Rundereim
- DKU. 026/13: Gbnr. 2/5 - Disp.veglova - Garasje - Jorunn Kjøde, 6740 Kjøde
- DKU. 028/13: Gbnr. 22/10,11 - Delingssak - Bustadtomt og naust - Anna Myklebost - dispensasjon, pbl og jordlova
- DKU. 029/13: Skadefelling - Vilt 2013
- DKU. 031/13: Gbnr.18/2 - Byggsak - Naust - Jon Ervik
- DKU. 033/13: Gbnr. 58/43 - Byggsak - Påbygg bustadhus - Tore Nøstdal
- DKU. 035/13: Gbnr. 46/11 - Byggsak - Garasje - Kjell Hoddevik
- DKU. 036/13: Produksjonstilskot 20.08.2012 - klage - Leif Magne Berge
- DKU. 038/13: Motorferdsel i utmark og vassdrag / sjø
- DKU. 039/13: Gbnr. 45/57 - Byggsak - Garasje/ Uthus - Tone E. Aarsheim
- DKU. 046/13: Gbnr. 83/4 - Byggsak - Naust - Torbjørn Kvernevik
- DKU. 047/13: B-sak - Søknad om endra skulestad
- DKU. 048/13: B-sak - Søknad om endra skulestad
- DKU. 052/13: Gbnr. 22/13 - Dispensasjon frå kommuneplanen - tomt klubbhus - Stadlandet Båtlag
- DKU. 054/13: Gbnr. 13/34 - Disp. veglova - Garasje - Ove G. Aarsheim
- DKU. 081/12: Gbnr 24/5 - Byggsak - Fritidsbustad - Atle Krogh

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013

Andreas Rundereim ugild i DKU 25/13 og gjekk frå § 6-1. ledd DKU 25/13 teke til vitande 5 voterande.

KU-021/13 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin i DKU 4/13 – 081/13 med unntak av DKU 25/13 – teke til vitande med 6 røyster.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	022/13
Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/366

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/1784	I	05.04.2013	Vegdirektoratet	Forslag til nye retningslinjer - Riksveg og fylkesveg
2	13/1787	I	08.04.2013	Det Kgl. Kunnskapsdepartement	St.meld. 24 - Framtidens barnehage

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013

KU-022/13 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin..

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	06.05.2013	030/13
Driftsutvalet	23.05.2013	023/13
Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FA-A10	Arkivsak 13/327

Barnehagane i Selje kommune - Tilstandsrapportering 2013

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.04.2013	VURDERINGSKRYSSSET oppsummert revidert Selje kommune.docx	45130

Saka gjeld

Tilstandsrapportering for barnehagane i Selje kommune.

Opplysningar til saka

Driftsutvalet har bede om ei tilstandsrapportering for barnehagane i kommunen. Det er årleg «Oppvekst sin time» i kommunestyret. Innhaldet i Oppvekst sin time gjeld både skule og barnehage. Formannskap og kommunestyre får difor også tilstandsrapporteringa for barnehage før «Oppvekst sin time». Medlemmane kan på denne måten gjere seg kjend med innhaldet før dialogmøtet om oppvekst den 6. mai.

TILSTANDSRAPPORTERING BARNEHAGE 2013

Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen

Det pedagogiske innhaldet i barnehagen er formalisert i barnehagelova §-2. Innhald, oppgåver og arbeidsmetodar er utdjupa i Rammeplan for barnehagar

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler/forskrifter/2011/forskrift-om-rammeplan-for-barnehagens-i.html?id=631906

Frå Rammeplanen:

”Barnehagens formål

Alle barnehager skal bygge sin virksomhet på verdigrunnlaget og innholdet som er fastsatt i barnehageloven og på internasjonale konvensjoner som Norge har sluttet seg til

Formålet slår fast at barnehagen skal ha:

- *et helhetlig læringsyn*
- *et samfunnsmandat*

Staten skal sikre at de institusjoner og tjenester som har ansvaret for omsorgen eller beskyttelsen av barn, har den standard som er fastsatt, særlig med hensyn til sikkerhet, helse, personalets antall og kvalifikasjoner samt kvalifisert tilsyn. Barnekonvensjonen vektlegger barns rett til å uttrykke seg.

Barnehagens samfunnsmandat

Samarbeidet med barnas hjem skal ligge til grunn for virksomheten.

Barnehagens innhold skal bygge på et helhetlig læringssyn, hvor omsorg og lek, læring og danning er sentrale deler.

I tillegg er sosial og språklig kompetanse og sju fagområder viktige deler av barnehagens læringsmiljø (se kapittel 3).

Planen framhever betydningen av voksnes holdninger, kunnskaper og ferdigheter til å møte, forstå og oppdra barn til aktiv deltakelse i et demokratisk samfunn.

Planen har både et her- og nå- og et framtidsperspektiv.”

Resultatleingsprogrammet

Barnehagane i Selje kommune arbeider saman om kvalitetshevingsprogrammet

”Resultatleing”. Barnehagane har arbeidd etter dette programmet dei siste tre åra.

Programmet legg i botnen ei tydeleg leing med ei tydeleg rolleavklaring, felles fagleg standard og auka bevisstgjerjing på medansvar og kvalitet. Målet er å heve kompetansen for alle tilsette. Den tydelege leingsprofilen inneheld også god møtestruktur.

Innhaldet i resultatleingsprogrammet kan uttrykkest slik:

Barnehagane har etablert ei felles plattform for leing med følgjande kjenneteikn:

- *Barnehagen i omverda. Samspel mellom styringssignal frå stat, kommune, samarbeidspartar og brukarar.*
- *Krav og forventningar som ligg til dei ulike leiarrollene er avklart.*
- *Rolla som pedagogisk leiar er definert og gjort meir tydeleg.*
- *Kvalitet i innhald er sett på dagsorden i barnehagane og i avdelingane*
- *Leiarane nyttar same metode og arbeider systematisk med utvikling av det pedagogiske innhaldet i barnehagane.*
- *Målretta arbeid med kvalitet, læring og utvikling i organisasjonen. (lærande organisasjon)*
- *Felles leiarforum for leiarane i barnehage er etablert. Møte 2 g/å.*

1. Felles fagleg standard for alle barnehagane.

- *Alle barnehagane har felles fokusområde.*
- *Alle avdelingar utarbeider arbeidsmåtar for å innfri den faglege standarden.*
- *Alle medarbeidarar medverkar i arbeidet med å utforme beste praksis.*
- *Medarbeidarar justerer eigen arbeidsmåte og avdelinga sin arbeidsmåte for å kome på eller over standard.*

2. Tydelegare leing – kjenneteikn:

- *Medvitne leiarar som vil utvikling av kvalitet.*
- *Engasjerte medarbeidarar som syner større interesse for det faglege innhaldet i arbeidet.*
- *Møteplassane har endra karakter og form. Planlagde møter med tidsstyring og faglege drøftingar.*
- *Fleire leiarar er meir medviten om eigen åtferd og kommunikasjon.*
- *Tydelegare samanheng mellom styringssignal og praksis.*

- Klåre krav og forventningar til arbeidsmåte og innsats i heile organisasjonen frå overordna leiing til styrar; frå styrar til ped-leiar; frå ped-leiar til medarbeidar.
- Medarbeidarar står fram som myndiggjorte. Den einskilde leiar og medarbeidar har fått oppfølging.

3. Medverknad til utvikling.

- Medarbeidarar i barnehage tar del i læring og utvikling av eigen kompetanse gjennom det systematiske arbeidet .
- Medarbeidar tek ansvar og arbeidar sjølvstendig.
- Medarbeidarar avleverer og deler resultat og kompetanse med andre.

4. Framdrift og kontinuitet.

- Det er vald nytt fokusområde og sett ny standard .
- Felles leiarforum sikrar avlevering av resultat og kontinuitet i det systematiske arbeidet.
- Arbeidet er forankra i overordna leiing.
- Overordna leiing i kommunen vil etterspørje framdrift og resultat hos styrarane.
-

Det som er gjengjeve i punkta ovanfor er blitt ny arbeidsmetode for å heve standarden på innhaldet i barnehagane i kommunen. Det er effektiviserande gjennom at alle har felles fokus samstundes som det sikrar kvalitet.

Med eit halvt års mellomrom møtest styrarane, pedagogiske leiarar og kommunalsjef for å bestemme kommande halvårs tema for kvalitetsheving i barnehagane våre. På dette møtet ser vi på statlege styringssignal , regionale og kommunale føringar og aktuelle behov. Vi tek avgjerd om eit tema/område og set felles standard for kvalitetsheving som vi skal oppnå for dette området.

Alle barnehagane er forplikta til å arbeide eit halvt år med den nye standarden. På slutten av perioden samlast alle barnehageavdelingane for å presentere resultatoppnåing (beste praksis) i høve nådd standard.

På denne felles-samlinga får alle barnehagetilsette presentert neste halvårs tema/område og standard.

Barnehagane har arbeidd med desse tema for kvalitetsheving så langt:

- Naturleikeplassen som læringsarena—kropp, rørsle og helse
- Måltidet som arena for læring
- Den planlagde samlingsstunda med fokus på vaksenrolla og barnet
- Overgang frå frileik til garderobe med vekt på grensesetting og verbal kommunikasjon
- Tilrettelegging for likestilling i rolleleiken
- Praksisforteljingar
- Vennskap
- Foreldresamarbeid

Sjå også:

<http://sophusportalen.no/Artikkel.aspx?AId=963&back=1&MId1=369&MId2=&MId3=&>

Ståstadanalysen

Våren 2013 har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bede kommunane utarbeide ei ståstadanalyse for barnehagane i kommunen. Ved hjelp av *vurderingskrysset* har styrarane og kommunalsjef individuelt laga eit svar på dei ulike tema frå Fylkesmannen. Kommunalsjef har så laga ei samanstilling av svara – eit felleskommunalt svar/ tilstandsanalyse som er send Fylkesmannen.

Fylkesmannen ba oss svare i høve desse tema:

1. Rutinar for informasjon, rapportering og tilbakemelding
2. Samhandling og møteplassar
3. Rettleiing og leing av systematisk kompetanseheving
4. Barnehagemyndigheita som ansvarleg for heilskapleg kvalitetsvurdering og kvalitetssikring av barnehagesektoren i kommunen
5. Implementere regelverk – nye forskrifter
6. Rutinar for samarbeid
7. Arbeid med overordna plandokument.

Ein del av dei tema fylkesmannen har laga for ståstadanalysen, går noko inn i kvarandre. Dette får då verknad for våre svar. Dette ser de når de studerer vedlagde utfylte ståstadanalyse som gjekk til Fylkesmannen.

VURDERINGSKRYSSET:

Vurderingstema går fram i vedlegget.

Kvar står eg/vi i dag?	Kva har eg/vi fått av erfaringar?
Kvar skal eg/vi? (Mål)	Korleis gjer eg/vi det vidare?

Ståstadanalysen som vart send Fylkesmannen, ligg som vedlegg til saka.

For talmateriale frå barnehagane, syner vi til årsmeldingane.

Nokre av utfordringane i barnehagane

- Forsking viser at tidleg innsats kan førebygge mykje i høve vanskar som kan oppstå seinare i livet – difor er det viktig at barnehagane har både den kunnskapen og dei ressursane som skal til for å møte dette.
- Det er viktig med god rettleiing og kompetanseheving for personalet.
- Barnehagane i dag har mange eitt-åringar, noko som krev fleire fang.
- Vi ser at mange born krev ekstra oppfølging.
- Det er auka konkurranse om utdanna pedagogar.
- Nasjonale og lokale krav, føringar og forventningar til både drift og innhald.

Saksgang

Kommunestyret tek tilstandsrapporteringa for barnehagane til vitande.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret tek tilstandsrapporteringa for barnehagane til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 06.05.2013

17 voterande.

KS-030/13 VEDTAK

Kommunestyret tek tilstandsrapporteringa for barnehagane til vitande.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar til effektivering

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013

Fellesframlegg

Viser til handsaming av saka i kommunestyret 6.5.13.
DU tek tilstandsrapporten til vitande.

Tilrådinga fekk 0 røyster
Fellesframlegget fekk 6 røyster.

KU-023/13 VEDTAK

Som fellesframlegget Samrøystes.

Utskrift til: Sakshandsamar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	024/13
Sakshandsamar Terje Nybakk	Arkiv FA-Q14	Arkivsak 13/115

Standardheving kommunale vegar 2013

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.05.2013	St.hev.12-13, Kostnad.KU-sak.xls	45659
10.05.2013	Kart, veg, Fure-Drage.pdf	45642
10.05.2013	Kart, veg, Haugane.pdf	45643
10.05.2013	Kart, veg, Nedre Sjøstad.pdf	45644
10.05.2013	Kart, veg, Selja.pdf	45645
17.04.2013	Asf. Flatr..pdf	38581

Saka gjeld

Standardheving kommunale vegar 2013.

Opplysningar til saka

På investeringsbudsjettet for 2013 var i utgangspunktet avsett 1,0 mill. kroner til standardheving av kommunale vegar. Denne summen er pga. endring i reglane mva. auka til 1.125.000 kr. inkl. mva. eller kr. 900.000 eks.mva, jfr. k-sak 022/13.

I saka vidare er alle summar/beløp nemnde eksklusive mva..

Dei seinare åra har det vore planlagt og også ved fleire høve gjort vedtak om å nytte ein del midlar til oppgradering av kommunal veg på Seljeøya. Av forskjellige årsaker er ikkje dette blitt utført. I år klaffa det slik til at vi har utført eit mindre oppgraderingsprosjekt på denne vegen.

Vi vurderte det slik at arbeidet måtte utførast i mars/april medan det var nokolunde tørt.

Det er utført grøfing og kantrensk.

I tillegg er vegen oppgrusa i ei breidde på knappe 2 m;- denne breidda fordi vegen i overskueleg framtid berre vert trafikkert av mindre traktorar/ATV-ar.

Tilsaman er i «bigbags» frakta ut om lag 60-65 m³ grus som er lagt på vegen.

Vi har utført alt arbeidet med eiga gravemaskin og egne tilsette, men har måtta kjøpe «bigbags», leige ein liten traktor med hengar og båt/ferge for å frakte ut grus/maskiner og sjølvsagt kjøpt grus.

Totalkostnaden med dette ligg i området +/- 70.000 kr.

Då vegvedlikehaldsmidlane etter siste nedskjæring er svært begrensa i inneverande år, vurderer sakshandsamar det slik at midlane brukt på Selja, må takast frå rehabiliteringsmidlane.

Sakshandsamar har i samarbeid med arbeidsleiar, vurdert tilstanden på kommunale vegar, og utarbeidd ei oversikt som også inkl. kostnader med oppgradering og framlegg til prioritering i 2013/14/etter 2014, jfr. Vedlegg 1 .

I KU-sak 025/12 vart vedteke ei førebels prioritering for 2013. Ved årets vurdering /prioritering er det teke utgangspunkt i prioriteringa i sak 025/12.

Ved handsaming av KU-sak 025/12 låg elles føre skriv, dagsett 14.11.2011, frå Stadlandet Båtlag om å få refundert kostnaden dei har hatt med asfaltering av den kommunale vegen til småbåthamna, kostnad om lag kr. 65.000,-. Utvalet ba om at denne søknaden vart vurdert i samband med prioriteringa av kommunale vegar i 2013.

I tillegg vart det i KU-sak 042/12 vedteke at asfaltering av vegane i byggefelt på Flatraket, i 1. byggesteg i Krakereid, gang- og sykkelveg til Djupedalen og byggefelt Kjøde, skal vurderast no i denne saka.

Prioriteringa for 2013 vert med dette lagt fram for driftsutvalet for handsaming og vedtak.

Tiltaka for 2014 må som tidlegare sjåast på som førebelse prioriteringar som må handsamast på nytt ved neste års prioritering. For 2014 er det lagt til grunn ei løyving på om lag 1,0 mill. kroner.

Finansiering

I flg. budsjettvedtaket skal tiltaket finansierast ved opptak av lån.

Sakshandsamar si vurdering

Som tidlegare år er det med bakgrunn små midlar, og det faktum at forfallet skjer med ulik hastigheit på dei forskjellige vegstrekningane, føreteke ein del endringar i høve den førebelse prioriteringa frå 2014.

I hovudsak er endringane slik:

- Veg Selja, er vurdert teke inn på lista etter mange års venting, sjå grunngjevinga over.
- Veg v/Leikanger kyrkje er utsett til etter 2014. Grunngjevinga for dette er at vi på denne strekninga må skifte ei eldre vassleidning før legging av fast dekke, og at det vil vere uheldig å legge nytt dekke rett etterpå. Denne vassleidninga er pr. dato ikkje skifta. Strekninga er heller ikkje i så dårleg stand at den må utbetrast i 2013. På den del av vegen som vert berørt av grøftegraving, vil det bli lagt nytt dette finansiert av vassforsyningsområdet.
- Veg i Honningsvåg er foreløpig utsett til 2014. Nødvendig masseutskifting vart føreteke i 2012. Dekkelegging kan/bør vente til iallefall 2014.
- Veg i Furestranda og på nedre Drage er komt inn på lista. Hovudårsaka til dette er at vegen i Furestranda ved uværet Dagmar, i tillegg til undergraving, også fekk «vaska» bort ein god del av vegdekket.

Om lag 1500 m² vart heilt eller delvis vaska bort. Desse skadane har vi fått erstatning for; om lag 66% av dokumenterte kostnader inntil kr. 230.000. Midlane er avsett på fond og må brukast innan utgangen av jan. 2014.

Når vi fyrst år i dette området, bør også deler av vegen på nedre Drage gjerast noko med. Den er i dårleg stand i dag, og kan fort bli verre i samband med asfalttransporten til Furestranda.

Når det gjeld søknaden frå Stadlandet Båtlag om refusjon av kostnader til asfaltering, finn ikkje sakshandsamar å kunne prioritere denne vegen no heller.

Dette med bakgrunn i den svært vanskelege situasjonen på kommunale vegar.

Vedtaket i KU-sak 042/12 tolkar sakshandsamar dithen at det ikkje skal takast opp lån til nyasfaltering i byggefelta, men at dette skal vurderast i samband med prioriteringa av årleg avsette rehabiliteringsmidlar.

Med same grunngjeving som ovanfor vedk. situasjonen på kommunale vegar, finn sakshandsamar ikkje å ville prioritere å bruke avsette rehabiliteringsmidlar til nyasfaltering i byggefelta.

Av eit brev frå oppsitjarane i byggefeltet på Flatraket (vedlegg i KU-sak 042/12), går fram at på deler av vegane forsvinn grusen etter kort tid. Dette gjeld generelt, men størst er problema på fyrste del av veg 1 opp til krysset med veg 3.

Dette skuldast fortrinnsvis ein kombinasjon av vegar med stor stigning, manglande reinsk av veggrofter og aukande nedbør både i intensitet og mengde.

Som utgangspunkt skal asfalteringa i byggefelta finansierast ved eigabetaling som skal krevjast inn når vegane i feltet vert asfalterte. Dette går fram av skøytene på tomtene.

Eigenandelen vert indeksregulert og er for 2013 fastsett til kr. 13.500,- pr. tomt.

Med ovanstående som utgangspunkt vert det tilrådd å legge asfalt etter alternativ 1 i KU-sak 042/12, dvs. ca. 160 m fram til kryss veg1/veg3.

Dette tiltaket vil kunne inndekkast av eigenandelar, men må truleg avklarast nærare med oppsitjarane i feltet.

Når det gjeld utnytting av eige materiell, legging av mest mogeleg dekke når ein først er i eit område og kva standard vi må legge oss på for å ”rekke” lengst mogeleg, er vurderingane dei same som tidlegare år.

Konklusjon

For 2013 vert det gjort framlegg om slik prioritering innafor avsette midlar, jfr. vedlegget:

ÅR	PRIOR.	VEG	KOSTNAD
2013	1	Veg Seljeøya	70.000
	2	Siste del, veg til ind.omr. Sjøstad, fast dekke	170.000
	3	Byggef., Haugane ovanfor gamle k-huset, tilsaman 650 m	440.000
	4	Furestranda, 66 % orkanskaderef., utg. 34%	80.000
	5	Drage	140.000
		Sum	900.000

Saksgang

Endeleg vedtak i driftsutvalet

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet vedtek oppgradering av kommunale vegar i 2013 i samsvar med framlegget frå sakshandsamar.

Vidare vert vedteke å asfaltere fyrste 160 m av veg 1 fram til kryss veg1/veg3 i byggefeltet på Flatraket. Føresetnaden er at dette vert dekt av eigenandelar.

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013

KU-024/13 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin.

Samrøystes.

Utskrift til: Sakshandsamar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	025/13
Sakshandsamar Gry Otneim Leikanger	Arkiv FA-V18	Arkivsak 13/15

SMIL 2013 - Handsaming av søknader

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
25	S	06.05.2013		SMIL 2013 - Handsaming av søknader
27	I	15.05.2013	Sakshandsamar	Tabell for tildeling av SMIL-midlar 2013

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.05.2013	Tabell.PDF	45824

Saka gjeld

Tildeling av SMIL-midlar etter søknadsfristen som vart sett til 15.04.2013.

Opplysningar til saka

Satsar:

Gjerding er frå og med dette året auka til kroner 100,- pr.meter.

Satsen for rydding og brenning er uendra, inntil kr. 3000,- pr.da.

Lover/regelverk

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket av 4.februar 2004.

Statens landbruksforvaltning, Rundskriv 07/2005.

Selje kommune, KU 112/08 og KS 071/08.

Årlege retningslinjer utarbeida av kulturlandskapsgruppa.

Forvaltningslova av 10-02-1967.

Finansiering

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Sakshandsamar si vurdering og konklusjon

Viser til beskrivelse og vurdering av søknadane i vedlagt tabell.

Sakshandsamar ynskjer å kommentere nokre av søknadane spesielt;

- Søknad nr. 1, 4, 10 og 15 fell under ordninga for organisert beitebruk og er sendt over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

- Søknad nr. 6 manglar kostnadsoverslag og vil bli handsama når inndregne midlar skal omfordelast seinare i 2013.
- Søknad nr. 2 og 11 grensar mot område for utvalde kulturlandskap og er i hovudsak ryddeprosjekt. Søknad nr. 2 er eit stort prosjekt som ein med fordel kan dele opp for å ikkje ta ein for stor del av midlane. Prosjektet vil difor få løyving både i 2013 og 2014. Søknad nr. 11 er andre løyving av søknad som vart delt i 2012.
- Søknad nr. 5 er eit stort ryddeprosjekt som sakshandsamar har valt å dele opp for å ikkje bruke ein for stor del av ramma. Prosjektet vil difor få løyving både i 2013 og 2014.
- Søknad nr. 9 er eit krevjande restaureringsprosjekt av naust i gamal handverkstradisjon –grindbygg, og får difor ei høgare løyving enn fast sum på kr. 10000,-

Forholdet til anna lovverk

Løyving av tilskot fører ikkje til at tiltaket er godkjent utifrå anna lovverk enn SMIL-føreskrifta. Før arbeidet vert starta opp, er det viktig at den som har ansvaret for prosjektet, gjer seg kjend med aktuelle lover og føreskrifter for området. Det kan til dømes vere gjerdelova, beitelova, plan- og bygningslova, kulturminnelova og naturvernlova, naturmangfaldlova og vassressurslova.

Utbetaling

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane betalar ut tilskotet etter at utbetalinga er godkjend av Selje kommune. Det må ligg føre skriftleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta imot tilskotet må ver fylgde opp.

Tilskot kan betalast ut når tiltaket er gjennomført. For tilskot over 10.000 kr, kan det gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket vert gjennomført. Minst 25 % av tilskotet vert halde attende til heile tiltaket er fullført, og det ligg føre ferdigattest og endeleg rekneskap er godkjent av Selje kommune.

Kontroll

Selje kommune skal fylgje opp og føre kontroll med tiltaka som får tildelt tilskot. Den som har teke imot tilskot, må gje dei opplysningane det vert sett fram krav om, for at kommunen, Fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen skal kunne føre naudsynt kontroll med at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om tildeling av tilskot kan gjerast om og utbetalt tilskot kan krevjast betalt tilbake heilt eller delvis, dersom det vert oppdaga forhold som er i strid med det som var føresetnaden for løyvinga.

Arbeidsfristar

Eingongstiltak skal vere gjennomført innan fastsett arbeidsfrist jf. Foreskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket.

Saksgang

Driftsutvalet gjer vedtak.

Klage

Vedtak etter SMIL-forskriftene har klagerett etter Forvaltningslova av 10.februar 1967. Klagefristen er 3 veker frå melding om avgjerd er komen fram. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans og klaga skal sendast til Selje kommune.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

10 av totalt 15 søknadar søknadar er stetta med tilsaman 280.000 kroner.

Fire søknadar fell slik sakshandsamar ser det under ordninga for organisert beitebruk og er sendt over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Ein av søknadane manglar kostnadsoverslag og skal handsamast ved omfordeling av inndregne midlar.

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013**KU-025/13 VEDTAK**

Som tilrådinga frå admin..

Samrøystes.

Utskrift til: Sakshandsamar



SELJE KOMMUNE

Ikkje offentleg

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	026/13
Sakshandsamar Kristian Nave	Arkiv GBNR-51/1	Arkivsak 12/1241

Gbnr 51/1 og 51/8 - Odelsfrigjering - Sverre Leikanger - tilråding frå Selje kommune



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	23.05.2013	027/13
Formannskapet	10.06.2013	
Kommunestyret	24.06.2013	
Sakshandsamar Åse Elin Hole	Arkiv FA-G00, TI-&23	Arkivsak 12/995

Interkommunale helse- og omsorgstenester ved Nordfjord Sjukehus. Godkjenning av vertskommuneavtale

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.05.2013	Vertskommuneavtale ØH.pdf	45873
16.05.2013	LOV 2011-06-24 nr 30 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m m_ (helse- og omsorgstjenesteloven).htm	45874
16.05.2013	-d LOV-1992-09-25-107 d- Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)_ .htm	45875

- Framlegg til vertskommuneavtale, dagsett 01.07.2013.
- Kommunelova, kap. 5A: Vertskommune.
- Rettleiar frå Kommunal- og regionaldepartementet til Vertskommunemodellen i kommunelova § 28 a flg.

Saka gjeld

Godkjenning av framlegg til vertskommuneavtale for følgjande interkommunale tenester, lagde til Nordfjord Sjukehus:

- Fem øyeblikkeleg hjelp-senger med døgnopphald.
- Legevaktformidling.
- Legevakt.
- Kreftkoordinator.

Saksutgreiinga er felles for deltakarkommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn.

Opplysningar til saka

I kommunelova § 28-1e heiter det (sitat): «For et vertskommunesamarbeid skal det opprettes en skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Endringer i avtalen som gjelder forhold som omtalt i nr. 2 og 3, skal skje på samme måte».

Kommunestyrevedtak om interkommunale helse- og omsorgstenester: Ordningane med interkommunal legevakt og -legevaktformidling er allereie etablerte ved Nordfjord Sjukehus.

Eid kommune er vertskommune. Ordninga med kreftkoordinator vart etablert i 2012, og det er gjort vedtak i alle kommunar om oppstart av ØH-senger frå 01.10.13.

Det føreligg kommunestyrevedtak frå 2009/2010/2013 når det gjeld ovannemnde saker, men det er ikkje inngått vertskommuneavtale for nokon av desse einskildtenestene. I saksutgreiingane er det blitt vist til at det er ønskeleg med ein felles vertskommuneavtale for alle interkommunale tenester ved Nordfjord Sjukehus.

Avklaring av omgrep (retteleiar, s. 18):

- Vertskommune: «er den kommunen som får delegert myndighet frå andre kommuner i samarbeidet til å utføre oppgaver og treffe avgjørelser på deres vegne.
- Samarbeidskommune: «betegner den kommunen som delegerer myndighet og oppgaver til vertskommunen.
- Deltakarkommune: «brukes som et samlebegrep om alle de kommunene som deltar i samarbeidet, dvs. både vertskommunen og samarbeidskommunene».

Vertskommunemodell:

Kommunelova skil mellom to modellar for vertskommunesamarbeid:

- Administrativt vertskommunesamarbeid (kommunelova, §28-1b).
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (kommunelova, §28-1c).

Det er dei sakene og oppgåvene kommunane ønskjer å samarbeide om som avgjer kva vertskommunemodell som kan veljast. Dersom det skal delegerast til vertskommunen å treffe vedtak av prinsipiell betydning, må vertskommune med felles folkevald nemnd etter kommunelova § 28c veljast. For samarbeidet i den føreliggjande vertskommuneavtalen er det naturleg å velje modellen med administrativt vertskommunesamarbeid:

«En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning» (kommunelova, § 28-1b, nr. 1).

Framlegget til vertskommuneavtale er inndelt i 20 punkt, som byggjer på Kommunelova § 28-1e,nr. 2:

Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om:

- a) angivelse av deltakerne og hvilken av disse som er vertskommunen,*
- b) hvilke oppgaver og hvilken avgjørelsesmyndighet som skal legges til vertskommunen,*
- c) tidspunkt for overføring av oppgaver og avgjørelsesmyndighet,*
- d) underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,*
- e) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen,*
- f) nærmere regler for utreden og avvikling av samarbeidet,*
- g) annet som etter lov krever avtale.*

Formell delegering til vertskommunen:

- Kommunestyret i samarbeidskommunen gir instruks til eigen rådmann om å delegere mynde til rådmannen i vertskommunen.
- Folkevalde organ i vertskommunen kan ikkje instruere korleis ei sak skal løysast eller omgjere vedtak i vertskommunen på vegner av ein samarbeidskommune. (jfr. retteleiar, s. 19).

Lover/regelverk

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, 2012.
- Delavtale mellom kommunane og Helse Førde HF om øyeblikkeleg hjelp (ØH).

- Særavtale mellom kommunane og Helse Førde HF om ØH.
- Driftsavtale mellom kommunane og Helse Førde HF om leige av lokale og kjøp av tenester

Sakshandsamar si vurdering

Det er no naudsynt å formalisere det interkommunale samarbeidet på fire tenesteområde i ein avtale. T.d. krev statlege styresmakter at ein slik avtale er inngått for å kunne utbetale tilskot til drift av ØH-senger.

Vertskommuneavtalen må også sjåast i samanheng med dei avtalane som kommunane har inngått med Helse Førde HF i 2012 og 2013. Det hastar difor med formalisering og vedtak også når det gjeld vertskommuneavtale. Slik vert det mogleg å kunne få til god planlegging, gode strukturar, konstruktive evalueringar og samarbeid om både kommunale helsetenester og spesialisthelsetenester

Konklusjon

Selje kommune sluttar seg til vertskommuneavtala slik den ligg føre

Saksgang

Handsaming i Driftsutvalet og Formannskapet.

Kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Kommunestyret i Selje kommune sluttar seg til vedlagde framlegg til Vertskommuneavtale.
2. Avtalen skal tre i kraft frå 01.07.13, etter politisk behandling av avtalen i alle kommunestyra i deltakarkommunane.

Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2013

KU-027/13 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin.

Samrøystes.

Utskrift til: Sakshandsamar

